



Møtebok Røldal fjellstyre

Tidspunkt: Måndag 18. mars 2024 kl. 1800-2100

Stad: Banken

Desse møtte: Tor Helge Haara Tjemsland, Andre Botnen, Nils Vetle Medhus, Anna Seim, Anita Rabba

Forfall:

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær)

Publisert: 4.4.2024

Saker til styremøtet:

Sak 14/24: Meldingssaker

Sak 15/24: Eventuelt/informasjon hendelsar frå førre møte

Sak 16/24: Rypejakt/småviltjakt 2024/25

Sak 17/24: Høyringssvar – villreinkvote hausten 2024

Sak 18/24: Val av kasserar for 2024-2027 (2. gong)

Sak 19/24: Leigekontrakt stølshusa på Haukeli

Sak 20/24: Revisortenester for fjellstyret

Sak 21/24: Definisjonar ifb regelverk Røldal SA

Sak 22/24: Dugnad, arbeid o.l. på fjellstyrehyttene 2024

Sak 23/24: Organisering av søknad til reinsløyve 2024

Sak 24/24: Høyring på forslag til avskytingsplan 2024 og bestandsplan 2024-2026 – Setesdal Ryfylke villreinområde

Sak 25/24: Kjøp av ny PC

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møtet.

Tor Helge Haara Tjemsland/s/

Andre Botnen/s/

Anna Seim/s/

Nils Vetle Medhus/s/

Anita Rabba/s/



Sak 14/24: Meldingssaker

Saksutgreiing:

Postliste:

2024.02.01-434.0 Røldal fjellstyre - Førespurnad om tilbakemelding på oppmoding om oppheving av lokal forskrift
2024.02.01-030 Røldal Grendahus - Stadfesting av utmelding av Røldal Grendahus
2024.02.02-612.3 Villreinutvalet - Høyring villreinkvote Hardangervidda 2024
2024.02.12-057 Statskog - Grunneigars løyve til etablering av permanente båtopplag
2024.02.20-36 Statskog - Melding om grunneigars løyve til utplassering av viltkamera på fjellrevhi
2024.02.24-612.1 Røldal fjellstyre - Førespurnad om samjaktavtale mellom Ullensvang og Røldal fjellstyre
2024.02.26-105 Røldal fjellstyre - Oversending av vedtak om godtgjersle til fastsetting av kommunestyret
2024.02.28-035.0 Nils Åge Sandal - Søknad om leige av Ulevåbotn
2024.02.28-035.0 Statskog - Kopi av uttale til fasadeendring av uthuset ved Eriksbu
2024.02.29-37 NVE - Midlertidig løyve til å fråvike manøvreringsreglementet for Ståvatn og Kjelavatn
2024.03.03-335.1 Røldal fjellstyre - Utkast beitekontrakt til leigetakarar på Haukeli
2024.03.04-145.3 Fjellstyresambandet - Tildeling av friluftsmidlar
2024.03.05-612.3 Villreinutvalet - Invitasjon til vårmøtet
2024.03.05-612.3 Setesdal Ryfylke Villreinlag - Avskytingsplan 2024 og bestandsplan 2024-2026
2024.03.07-335.1 Tommy Sandal - Innspel til høyring på sak om utleige av beite på statsallmenningen
2024.03.07-37 NVE - Varsel om oppstart av arbeid på Kjela dammer

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Tor Helge hadde ein kort gjennomgang av meldingssakene.

Vedtak (sak 14/24):

Styret tek orienteringa til vitande.



Sak 15/24: Eventuelt/informasjon hendelsar frå førre møte

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

- Fjellstyret er tildelt kr 9000 til rekrutteringstiltak frå Miljødirektoratet/NFS. Førespurnad er sendt til Røldal skule for å stadfeste samarbeid om gjennomføring.
- Det vert vårmøte på Lampeland 12.-13. april
- Søknadsfristen til sekretærstillinga var 04.mars. Tor Helge er i tilsetjingsutvalet.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

- Tor Helge har fått tilbakemelding frå skulen om at dei er positive til å ha eit arrangement som tidlegare år.
- Årsmøte i Setesdal Ryfylke Villreinlag er 23. april. Viss nokon i styret er interessert i å delta på møtet kan dei det. Tor Helge sender ut innkallinga til årsmøtet.
- Intervju til sekretærstillinga startar denne veka. Det er i overkant av 50 søkarar. 12-13 kandidatar er kalla inn til intervju.
- Tor Helge orienterte om dialog med leigetakarar av beite på Haukeli. Det er avtalt eit møte med dagens leigetakarar i Ståvassvik-området for å drøfte detaljane i ein eventuell ny kontrakt.

Vedtak (sak 15/24):

Styret tek orienteringa til vitande.



Sak 16/24: Rypejakt/småviltjakt 2024/25

Saksdokument:

- 16-24 Jaktreglar og ordningar for småviltjakta gjeldande frå og med 2023

Saksutgreiing (SL):

Det var fleire rapportar om ein svak rypebestand i Sør-Noreg i 2023, og mange eigedomar valte å avlyse jakta. Fjellstyret opna for ordinær småviltjakt 2023/24, men vedtok i slutten av november å stoppe salet av jaktkort resten av sesongen. På det tidspunktet var det selt færre kort enn året før på same tidspunkt, og salet for heile jaktåret blei ein god del lågare enn tidlegare år (tabell 1).

Tabell 1. Oversikt over selde kort dei siste sesongane.

Jakt sesongen 2023-24						
		Max tal selde	Selde løyve			
		2023-24	2023-24	2022-23	2021-22	2020-21
Innanbygds	Sesong	9	7	8	11	12
	Veke (01. - 14.okt)	30	0	0	0	2
	Veke (15.okt - 28.feb)	2 per dag	0	0	n/a	n/a
	Dag (01. - 14.okt)	3 per dag	1	1	n/a	n/a
	Dag (15.okt - 28.feb)	10 per dag	1	1	9	26
	Smårovvilt	n/a	0	0	0	0
Utanbygds	Sesong	6	6	6	10	15
	Veke (01. - 14.okt)	30	16	26	20	20
	Veke (15.okt - 28.feb)	2 per dag	0	1	n/a	n/a
	Dag (01. - 14.okt)	2 per dag	28	28	n/a	n/a
	Dag (15.okt - 28.feb)	10 per dag	114	191	261	195
	Smårovvilt	n/a	8	7	5	13
	Totalt sal		181	269	316	283
	Vinterjakt (1.1.-28.2)	10 per dag	9	68	78	39

Rapportert fangst var og lågt samanlikna med tidlegare år.


	Fjellrype	Lirype	Samla
2019/20	159	13	172
2020/21	134	5	139



2021/22	157	4	161
2022/23	99	3	102
2023-24	44	2	46

I 2023 vedtok fjellstyret jaktreglar som gjeld inntil vidare. Dei legg opp til eit avgrensa kortsal på Inatur som startar 1. juni. På det tidspunktet veit ein svært lite om årets kyllingproduksjon, og lite om korleis bestanden av rype vil bli til hausten. Det kan fort oppstå ein situasjon lik den hausten 2023 – takseringsresultat frå andre vald i Sør-Noreg i august tilseier freding. For Røldal fjellstyre sin del er det lite aktuelt å få gjennomført taksering på statsallmenningen, sidan takseringsmetoden er primært laga for lirype, medan statsallmenningen hovudsakleg er fjellrypeterreng. Det er så langt sakshandsamar kjenner til ingen tilgrensande område som driv taksering. Det næraste området er nok Eidfjord statsallmenning, der det blir drive taksering årleg. Eidfjord fjellstyre har eit punkt i jaktreglane som seier at dei kan doble dagskvote og tal jegerar når takseringa viser ein produksjon på minst 3 kyllingar pr. høne og ein tettleik på minst 8 rype/km². Utviklinga i takseringsresultatet på Eidfjord statsallmenning (tal fugl pr km² og estimat på kyllingar pr par) er vist i figurane under.

ESTIMATER



ESTIMATER



Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 482 70 778- epost: roldal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no



Fjellstyret kan ta stilling til om det bør leggst opp til ei ordning der ein tek stilling til årets jakt basert på til dømes observasjonar av fugl, vêrtilhøve under klekkinga eller takseringsresultat frå andre vald. Ei slik ordning bør ha mest mogleg klare retningslinjer. Utfordringa er å finne kriterium som gir eit klart svar på om det er tilrådeleg å opne for jakt. Det vil alltid vere usikkert om eit takseringsresultat på eit anna terreng er representativt for situasjonen på Røldal statsallmenning. Observasjonar av fugl i statsallmenningen vil vere nokså tilfeldig og lite vitenskapleg, men kan gi eit brukbart bilete på situasjonen, i kombinasjon med takseringsresultat frå andre vald, vertilhøve under klekkinga med meir. Det kan til dømes vere eit alternativ å opne for sal av deler av korta 1. juni, og eventuelt opne for resten etter ei vurdering på hausten.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Det kom framlegg om å setta startdato for sal på Inatur til 1. september. Då kan fjellstyret ta stilling til om det skal opnast for jakt i slutten av august.

Styret slutta seg til dette.

Vedtak (sak 16/24):

Fjellstyret gjer ikkje endringar i jaktreglane, men endrar startdato for sal av jaktkort på Inatur til 1. september. Det vert gjort ei ny vurdering av eventuell småviltjakt i løpet av august.

Sak 17/24: Høyringsvar – villreinkvote hausten 2024

Saksdokument:

- 17-24 Høyring på forslag til kvote og tiltak 2024

Saksutgreiing (THHT):

Villreinutvalet har sendt forslag til kvote og ordningar for jakta 2024 for Hardangervidda villreinområde på høyring. Dei foreslår ei kvote på 4000 kort, alt som vaksen bukk 2,5 år og



eldre. Vidare foreslår dei jakttid frå 20. august til og med 22. september, at dyreposisjonering blir gjort tilgjengeleg med tre dagars forseinking, vidareføre ordning med dispensasjon frå kravet om skriftleg fellesjaktavtalar, og at fungerande fredingssoner blir vidareført.

Fristen for å gi innspel er 15. mars, men fjellstyret har fått utsett fristen til etter møtet.

Framlegg til vedtak:

1. Jeg støtter villreinutvalets forslag til kvote (antall kort og fordeling korttype): Ja Nei

3. Dersom du *ikke* støtter utvalets forslag til kvote, angi ønsket kvote her:

Kvotestørrelse: 3000 bukkkort

%-fordeling korttype: valgfritt dyr, bukkkort, antall SU og kalv
(med bukkkort menes kort der det kun kan felles bukk 2,5 år og eldre)

4. Jeg støtter forslaget om jakttid i perioden 20/8 – 22/9: Ja Nei

5. Dersom du ikke støtter forslag om jakttid, angi ønsket jakttid: _____

7. Jeg støtter forslaget om å gjøre gps-merkede dyr / www.dyreposisjoner.no tilgjengelig for jegerne med 3 døgn forsinkelse: Ja Nei

Kommentar:

Røldal fjellstyre ynskjer å understreke at ein ikkje kan støtte forslaget ut frå eit forvaltningsmessig hensyn. Av omsyn til CWD-situasjonen på Hardangervidda, har fjellstyret likevel forståing for at det kjem til å verte jakt òg i 2024. Røldal fjellstyre ynskjer difor å spele inn nokre ekstra tiltak som truleg vil auke fellingstala, men og dyrevelferda:

- Fjellstyret trur noko færre fellingsløyver vil bety noko færre jegerar, som igjen vil vere ein fordel i krevjande jaktsituasjonar. Å ta ut vaksen bukk i større forstringsflokkar er særst utfordrande, og helst noko ein bør drive med så uforstyrta som mogleg.
- GPS-posisjonane til merka dyr bør ikkje vere tilgjengeleg for nokon i sommarmånadane. I våre fjellområder er dyra ofte svært rolige, og kan befinne seg i same fjelltoppen i fleire månadar, om dei får vere i fred. Sjølv ein tregheit i GPS-posisjonane på 14 dagar vil difor vere av verdi på vestvidda, og dette kan føre til at folk uroar dyra på plasser dei vanlegvis får gå i fred. Av same årsak bør ikkje GPS-posisjonane verte tilgjengelege før tredje jakt dagen, slik at ein berre får posisjonane dyra har hatt i jaktida. (Anbefalar Villreinutvalet å sjå kva som skjedde med dei GPS merka reinsdyra på Røldal Statsallmenning, rundt Valldalsvatnet, sommaren 2023.)
- Fjellstyret savnar eit initiativ frå Villreinutvalet mot mydigheitene kor ein forsøker å få noko form for økonomisk intensiv til dei jegerane som tar fullverdige prøvar i 2024. Blant våre jegerar fekk dette nokre uheldige utslag i 2023. Det var til dømes tilfeller det med vilje vart skote færre dyr, då ein ikkje tok seg råd til å fly dei heim. Eller ein valde å ikkje skyte den største bukken, då det er meir behageleg å bere ein liten ein heim dei 20 km det er. Underteikna fryktar og at den relativt dårlege

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 482 70 778- epost: roidal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



prøvetakinga/registreringa i Ullensvang kommune kan skuldast det faktum at bortfallet av helikopterkompensasjonen i størst grad ramma jegerane i denne kommunen. Fjellstyret meiner ein difor bør forsøkje å få tilbake ei eller anna form for kompensasjonsordning:

- Primært bør villreinutvalet arbeide for å få gjennomslag for kr 1500 per innleverte prøve.
- Sekundært bør villreinutvalet spele inn at ein får gjeninnført helikopterkompensasjonsordninga.
 - At dette vart misbrukt/førte til for mykje helikopterturar er ingen unnskyldning. Ein må sjølvstakt unngå dette, men då må foreslå innskrenkingar på til dømes landing i terreng.
- Tertiært bør villreinutvalet forsøkje å få på plass ei «lotteriordning» kor nokon få heldige kan få ein litt større kompensasjon. Til dømes kan ein, blant dei som leverer tilfredsstillande prøvar/data, trekke 10 heldige vinnarar som får kr 10000 kvar. Antar ein 500 prøvar, vil det då vere ein liten sjanse for at ein faktisk vinn...medan kr 100 000 vil vere eit piss i havet for myndigheitene.

Referat:

Styret slutta seg til framlegg til vedtak.

Vedtak (sak 17/24):

Fjellstyret sender inn høyringsuttale som skildra i framlegg til vedtak.

Sak 18/24: Val av kasserar for 2024-2027 (2. gong)

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

Fjellstyre må ta stilling til korleis ein skal løyse «kasseraroppgåvene» i neste fjellstyreperiode. Randi har vore kasserar sidan 2012, og ho har no takka for seg. Primært ville underteikna då at sekretæren skulle overtatt rekneskapsarbeidet. Slik ståa er no, vil dette ikkje vere hensiktsmessig i 2024. Fjellstyret føreslo i førre møte ein kompensasjon på kr 8000 til den som utfører kasserararbeidet. (Det er kommunestyret som vedtar godtgjersla.)

(Fjellstyret nyttar Fonna Økonomi som rekneskapsfører.)



Saka vart utsett på førre møte då to av dei ordinære medlemmene ikkje var til stades.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Tor Helge er innstilt på å ta på seg dette ut året. På sikt er det naturleg at sekretær overtek denne jobben.

Vedtak (sak 18/24):

Fjellstyret vel Tor Helge som kasserar i 2024.

Sak 19/24: Leigekontrakt stølshusa på Haukeli

Saksdokument:

- 19-24 Utkast leigekontrakt Ståvassvika
- 19-24 Utkast leigekontrakt Midtfjellsvodlen

Saksutgreiing (SL):

Det blir jobba med avtalar for utleige av stølshusa på Haukeli. Dette gjeld utleige i samband med stølsdrift på Midtfjellsvodlen og Nupshadlene for åra 2025-2029, samt utleige av Ståvassvikja og Ulevåbotn for perioden 1.4.2024-31.3.2027.

Vedlagt er utkast til leigekontraktar for Ståvassvikja og Midtfjellsvodlen. For utleige av Nupshadlene vil det bli laga ein lik kontrakt som for Midtfjellsvodlen, for Ulevåbotn ein kontrakt tilsvarande Ståvassvikja

Det er ynskjeleg med innspel til utkasta på møtet. Leiar ynskjer fullmakt til å inngå kontraktar med leigetakarar med utgangspunkt i kontraktsmalane etter eventuelle innspel på møtet.



Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Drøfting av kontraktmalane og diverse rundt utleige av stølshusa.

Det var semje om at Tor Helge får fullmakt til å inngå kontraktar med leigetakarar med utgangspunkt i kontraktmalane.

Vedtak (19/24):

Tor Helge får fullmakt til å inngå kontraktar med leigetakarar av Ståvassvikja og Ulevåbotn med utgangspunkt i kontraktmalane.

Sak 20/24: Revisortenester for fjellstyret

Saksdokument:

- 20-24 Retningslinjer for fjellstyra sin rekneskap og revisjon

Saksutgreiing (SL):

Statskog fastset reglar for fjellstyra sin føring av rekneskap, og revisjon av rekneskapen. Frå og med rekneskapsåret 2024 har Statskog gjort endringar i reglane knytt til revisjon av rekneskapen. Det blir frå no av berre stilt krav om revisjon til fjellstyre som mottek tilskot til oppsyn, jf. fjellova § 36 2. ledd. Sidan fjellstyra på Hardangervidda har fellesorganet Fjellstyra på Hardangervidda as, som fungerer som arbeidsgjevar for dei som er tilsett, er Røldal fjellstyre difor ikkje lenger pålagt å gjennomføre revisjon av rekneskapen. Fjellstyret har avtale med firmaet Vestlandsrevisjon som utfører revisjon. Utgiftene til revisjon har dei siste åra vore slik:

2023: 11.250,-

2022: 6250,-

2021: 6250,-

2020: 6250,-



Fjellstyret kan ta stilling til om ein ynskjer å halde fram med å nytte seg av revisor sjølv om fjellstyret ikkje lenger er pålagt revisjon. Det kan tenkast at det er fordeler ved å ha revisjon av rekneskapen, men det kan og argumenterast for at ein oppnår tilstrekkeleg kontroll gjennom å nytte ein ekstern rekneskapsfører. Ei eventuell oppseiing av avtalen med revisor krev eit vedtak av fjellstyret.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Tor Helge foreslo at fjellstyret avsluttar kontrakten med Vestlandsrevisjon, sidan ein ikkje er pålagt å ha revisjon frå og med rekneskapsåret 2024. Styret slutta seg til dette.

Vedtak (sak 20/24):

Røldal fjellstyre seier opp avtalen med Vestlandsrevisjon etter jobben med revisjon for 2023 er fullført.

Sak 21/24: Definisjonar ifb regelverk Røldal SA

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

Røldal FS ynskjer å klargjere kva som ligg i ulike omgrep ved sakshandsaming og vedtak om reglar på Røldal SA:

Innanbygdsbuande:

Følger § 23 i Fjelleva; person som siste året har vore og framleis er fast busett i Røldal. Fjellstyret tolker dette som ein som har folkeregistrert bustadadresse i gamle Røldal kommune per 01. november føregåande år, samtidig som han framleis er, og har vore, fast busett i bygda. Fjellstyret utvidar innanbygdsbuande omgrepet til også å gjelde personar som har folkeregistrert bustadadresse i gamle Røldal kommune på datoen for søknadsfrist for villreinkort. Alle med folkeregistrert bustadadresse i gamle Røldal kommune kan kjøpe garnfiskekort. Fjellstyret avgjer tvilstilfelle ved skjønn i kvart enkelt tilfelle. Ansvar for å dokumentere at ein er innanbygdsbuande ligg på kvar enkelt.



Utanbygdsbuande:

Alle som ikkje oppfyller kravet til å vere innanbygdsbuande.

Utflytt Røldøl:

Person som på eit tidlegare tidspunkt har oppfylt vilkåra til å vere innanbygdsjeger

Fyrstegongsjeger:

Person som oppfyller vilkåra i forskrift om jakt, felling og fangst på Statsallmenning § 6. Dvs. for småviltjakt mellom 14 og 16 år og for storviltjakt mellom 16 og 18 år.

Student:

Person under 25 år som ikkje er i fast arbeid. Lærlingar vert rekna som studentar.

Uføre/eldre:

Person som med grunngeving søker om å få eit redusert tal fellingsløyve pga. helsesituasjon, eller alder over 70 år.

Ektefelle/sambuar:

Ektefeller og sambuarpar, som kor ein av partane kvalifiserer til å vere innanbygdsbuande. Disse kan søkje om at ein av partane kan få tildelt eit redusert tal fellingsløyve.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Gjennomgang av definisjonane ved Tor Helge.

Det var semje om at fjellstyret tek utgangspunkt i definisjonane i sakshandsaminga ved tildeling av jaktkort med meir.

Vedtak (sak 21/24):

Fjellstyret tek utgangspunkt i definisjonane i sakshandsaminga ved tildeling av jaktkort med meir.



Sak 22/24: Dugnad, arbeid o.l. på fjellstyrehyttene 2024

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

Det er sendt ut fylgjande dugnadsbehov til brukarane våre i etterkant av førre fjellstyremøte:

«Ikkje-uttømande oversikt over dugnadsbehov»:

- Montere ny kjøkkenseksjon på Ninive.
 - Fjerne (djupfrost) torv frå uthuset ved Eriksbu – VIKTIGAST!
 - Klargjere uthus til snikking (rydde ut) + snømåking – Ninive
 - Måke fram uthus Eriksbu
 - Legge om turiststi ved Gamlabua (flytte vekk frå hedlo - ca 100m meter ny trase)
 - Fullføre grunnarbeid rundt hytte/uthus – Ninive
 - Totalrenovere gamal utedass – Ninive.
 - Vaskedugnad på Ninive.
 - Etablering av permanente båtopplagringsstader
- Det er kjøpt inn nytt kjøkken og gasskomfyr til Ninive.
- Ytterdøra i Gamlabua skal bytast. I den samanheng har ein henta inn pristilbod på systemlås-sylinder. Den kjem på behageleg 8973 norske kroner.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

Referat:

Tor Helge orienterte om arbeidet på hyttene så langt i vinter.

Det var semje om at det blir dyrt med systemlås-sylinder til ytterdøra på Gamlabua. Avgjersle om dette blir difor utsett.

Det var og semje om å kjøpa nytt solcelleanlegg til Gamlabua, samt uthuset på Ninive.

Vedtak (sak 22/24):

Det vert etablert permanente båtopplagringsstader om statsforvaltaren gjev løyve til dette. Fjellstyret kjøper nytt solcelleanlegg til Gamlabua og uthuset på Ninive.



Sak 23/24: Organisering av søknad til reinsløyve 2024

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

Hardangervidda:

Kvoten for 2024 er enno ikkje sett, men innstillinga til villreinutvalet er at kvota, og organiseringa, vert lik som i 2023.

For Røldal FS sin del så betyr det at ein får omtrent 165 kort, kor alle er på vaksen bukk. (Med ein kvote på 3000 dyr, vil ein då få tildelt om lag 124 løyver.)

Kvoten har fordelt seg slik dei siste åra (totaltkvote og Røldal SA):

Jaktår	kalver		simple/ungdyr		Valgfrie dyr		Tildelte totalt	
2008	455	19	588	28	381	16	1520	63
2009	454	19	681	28	384	16	1523	63
2010	5	0	15	0	2000	83	2024	83
2011	1507	62	2694	114	731	31	5020	207
2012	1807	74	3310	137	903	37	6020	248
2013	1760	72	3510	144	1755	72	7025	288
2014	910	37	6755	278	1360	56	9025	371
2015	1205	50	5610	230	1205	49	8020	329
2016	6807	280	6805	280	1203	49	14815	609
2017	3907	160	3908	160	2105	86	9920	406
2018	234	9	232	9	1056	43	1522	61
2019	0	0	0	0	6035	247	6035	247
2020	0	0	0	0	4964	206	4984	206
2021	8000	329	0	0	8000	329	8000	329
2022	7000	288	0	0	7000	288	7000	288
2023	0	0	0	0	4000*	165	4000	165

*Berre vaksen bukk

Uansett vil årets jaktkvote mest sannsynleg føre til overflod av kort og ein vil ikkje kunne forvente at kort vert ettertrakta korkje som bytte mot samjakt eller som salsvare.

For å bli kvitt korta bør derfor fjellstyret prøve å få desse ut til eigne jegerar.

Røldal FS er også i år i ei særstilling med «støkje-regime» langs E134 – altså området der det ikkje skal vere dyr. Truleg vil dette gjere det mindre attraktivt å jakte i området nær E134. Ein må derfor forvente at jegerar vil søkje seg til andre områder for å jakte. Fjellstyret har difor sidan 2021, seld fellingsløyver til færre jegerar. Fjellstyret selde i 2023 fellingsløyver til 70 innanbygdsjegerar, 29 utanbygdsjegerar og 11 overgangsavtalar. Fjellstyret fekk ingen



tilbakemeldingar som tilsa at dette var eit for høgt antal jegerar – men det vil truleg vere heilt grenseland å sleppe innpå så mange jegerar.

Røldal FS har dei siste åra gått vekk frå Inatur, men behaldt søknadsfristen i månadskiptet april/mai. Underteikna har ikkje mottatt negative tilbakemeldingar på dette. Tor Helge merka ein markant nedgang på arbeidet med å selje jaktkorta no når ein ikkje nyttar Inatur. Skil Tor Helge ha noko med salet er å gjere, er det (med bakgrunn i dette) eit ufråvikeleg krav at fellingsløyva skal seljast på same måte som i fjor – søknad via mail, med frist seinast 01. mai. Skil ein halde fram med denne dato, må søknadsfristen avgjerast på dette møtet. Kortutdelinga på Røldalsmarknaden har fungerte særst bra, og bidrar til å redusere arbeidsmengda ytterlegare. Det er likevel slik at dette er særst tidkrevjande arbeid, og ein bør difor delegere dette arbeidet til ein person, som då igjen får kompensert for dette. I 2023 var kompensasjonen for dette kr 10 000.

Sidan det framleis er usikkert med tanke på kvotestorleik og kortfordeling vil sakshandsamar tilrå at ein tildelar fellingsløyva på same måte som i fjor; avhengig av antal tilgjengelege fellingsløyver, så sel ein anten 1 eller 2 løyver til kvar jeger. Fjellstyret set makstak på jegerar som kan jakte på Røldal SA, for så å dele ut flest mogleg kort til desse jegerane. Underteikna føreslår at ein ikkje skal dele ut meir enn to fellingsløyver per jeger, og heller tilby fleire løyver i etterkant til ein rimeleg sum.

Setesdal/Ryfylke:

Ein innførte i 2021 eit poengsystem for jakta på SR. Det innebar at den som søker får 1 poeng for kvart år jegeren sender søknad på jakt på SR. Jakta vert så trekt blant dei som har flest poeng. Dei som får tilbud om kort misser poenga sine og startar så på null når dei har fått kort. Over tid vil dette sikre at alle som søker jakt får jakte.

Fjellstyret har fått tilbakemelding på at det i 2024 vert noko mindre fellingskvote, medan ei fordeling på 40% bukk vert vidareført. Underteikna estimerar at det me vert tildelt 4 -7 bukkar i 2023. I 2022 fekk fjellstyret 12 bukkar, og selde desse til 12 jegerar, i 2023 vart det 8 bukkar til 8 jegerar. Det var i 2022 litt delte meiningar på om 12 stykk var for mange jegerar. Ingen tilbakemeldingar på antalet i 2023.

Prisar på kortpakker:

Underteikna ynskjer at fjellstyret skal behalde den låge prisrammene for fellingsløyva på Hardangervidda – jegerane utfører no eit viktig arbeid, og bør påskjønast for dette.

«Produktet» me sel må òg seiast å vere dårleg.

- Fellingsløyva vart i fjor selde for kr 1500 for fyrste bukken, og 800 kroner for ytterleggare fellingsløyver.
- Fyrstegongsjegerar fekk gratis fellingsløyver.
- Ungdom, over 18 år, men under 20 år, betalte kr 750 per fellingsløyve.



Alle kortpakkane på syd inkluderte i fjor 1 bukk, og hadde difor alle same pris – kr 2000.

- Basert på færre dyr, og færre fellingar dei siste åra, har fellingsløyva på syd òg mista noko av «attraktiviteten» sin. Sakshandsamar foreslår difor å halde denne prisen uendra.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret kompenserer xxxx med kr 10.000 for arbeidet med sal og retur av reinskort i 2024.

Vidareføring av dei generelle retningslinjer ved tildeling av fellingsløyver på villrein på Røldal Statsallmenning.

Gjeldane for Hardangervidda (HA280) og Setesdal/Ryfylke (Ullensvang SR84 (Røldal Statsallmenning) + Ullensvang SR85 (Breifonn SA)) villreinområde:

I år der ein kan tilby fellingsløyver til alle innanbygdsjegerar før jaktstart:

Det vert halde to trekkingar, ei for Hardangervidda og ei for Setesdal/Ryfylke. I år der alle jegerar får kort kan same jeger få kort både på S/R og Hardangervidda.

I år der det ikkje er nok kort til alle innan jaktstart:

Det vert gjennomført ei trekning. Ein kan ein berre få kort på det eine villreinområdet. Jegerane vel kvar dei ynskjer å ta ut fellingsløyve ut frå trekningslista.

For 2024 - Hardangervidda:

1. Det er tillete med jaktlag for dei som har kort på HA280. Jaktlaget kan ha opptil 5 jegerar. Avtale må utformast og underskrivast av fjellstyret/sekretær. Det er utarbeidd eige standard skjema for dette som MÅ nyttast. Ferdig utfylt skjema bør sendast fjellstyret i god tid før jaktstart. Avtaler vert handsama etter høve.
2. Det kan seljast kort til om lag 90 jegerar på Røldal SA i 2024. Leiar får fullmakt til å fordele fellingsløyva i «kortpakkar» til innanbygds- og utanbygdsjegerane.
3. Eventuelle overskotskort etter tildeling av innanbygds kan seljast til inntil 20 utanbygdsøkerar. Utanbygdsbuande jegerar søker på mail direkte til fjellstyret. Tildeling elles som for innanbygds. Informasjon om søknadsfrist og søknadsmåte vert lagt ut på heimesida og facebook, med søknadsfrist 26. april.
4. Jakttida er f.o.m 20. august kl. 0700 tom 20. september kl 1900. Det er nattetfredning på Røldal SA fom 1900 til 0700. Dersom direktoratet fastset tidlegare jaktstart vil fjellstyret ikkje følgje dette. Dersom jakta vert utvida ut i oktober vil fjellstyret i utgangspunktet ikkje følgje dette.
5. Røldal Fjellstyre opnar for samjakt med andre vald etter søknad og eige handsaming. Nærmare reglar om dette vert kunngjort for jegerane.
6. Fyrstegongsjegerar får tilbod om eit gratis fellingsløyve (sjå definisjon om fyrstegongsjeger i sak 21/24). Jegeren må opplyse om at han/ho er fyrstegongsjeger på søknaden. Det er alderen ved jaktstart som avgjer kva kategori jegerane havnar i.



7. Etter jaktstart får leiar fullmakt til å fordele eventuelle ekstraløyver. Ekstraløyva skal fordelast etter «fyrstemann-til-mølla»-prinsippet til jegerar som har «brukt opp» sine løyver. Leiar får fullmakt til vidaresal av fellingsløyver som vert returnert etter jaktstart.
8. Kort kan overførast til andre vald. Røldal FS gjev fullmakt til jegerar slik at dei kan overføre kort til andre med kort utskrive av Røldal FS. Det lagast eige skjema for dette som skal nyttast. Kort som er med i jaktlag kan ikkje overførast.

Prisar for kortpakker Hardangervidda:

Innanbygds – fyrst løyve: 1500,-
Innanbygds – ekstra løyve: 800,-
Ungdom mellom 18-20 år: 800,-

Utanbygds: Dobbel pris.

- Fjellstyret kjøper inn 60 eksemplar av villreinen. Desse vert primært delt ut til dei som hentar fellingsløyva på kortutdelinga.
- For å dekkje inn utgifter/meirarbeid tar ei avgift på 250 kr frå dei som treng fellingsløyver + CWD-sett tilsendt i posten.
- For å stimulere til høgare fellingstal, kan jegerane verte tildelt fleire fellingsløyver (jf. punkt 7).
- Utanbygdsjegerar, som ikkje kan nytte seg av løyvet, kan overføre dette til anna jeger, mot eit administrasjonsgebyr på kr 1500. Leiar får fullmakt til å avgjere dette.
- Vidaresal av returnerte fellingsløyver, til jegerar som ikkje har løyst fellingskort hjå Røldal fjellstyre, skal ha ein minimumspris på kr 800.

Setesdal Ryfylke:

Reglar for tildeling av fellingsløyve.

Ein vidarefører dei to poengsystem for jakt på SR, eit for kortpakkar det det inngår bukk eller fritt-dyr-løyve, og eit for eventuelle andre kortpakkar. Den som søker får 1 poeng (i det aktuelle poengsystemet) for kvart år jegeren sender søknad på jakt på SR. Jakta vert så trekt blant dei som har flest poeng. Dei som får tilbod om kort (innan jaktstart) misser poenga sine og startar så på null det påfølgjande året. Unntak berre p.g.a. sjukdom (legeattest krevjast). Det er ikkje tillate å overføre kort til anna jeger dei fyrste 14 dagane av jakta (**revidert regel i 2024**).

Fyrstegongssøkerar på Syd vil det fyrste året dei søker verte tildelt ekstra poeng. Etter fyrste søknadsår vert poengsummen deira sett til to færre poeng enn det høgaste antal poeng på lista.

Jaktreglar

Reglane vert dei same som for Hardangervidda med unntak av at det her ikkje er nåttefredning.

Det vert heller ikkje tilbydd gratis fellingsløyve til fyrstegongsjeger, eller moglegheit til å søkje om å ta ut eit redusert antall fellingsløyver (student, uføre/eldre eller ektefeller/sambuarar).

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.roldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 482 70 778- epost: roldal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



Kortpakkar med 1 vaksen bukk – kr 2000

Fellingsløyver på simle og kalv vert fordelt etter trekningslista. Leiar har fullmakt.

Vedtaket er gjort i medhald av Fjelleva §§ 23 og 24

Referat:

Det var semje om at Tor Helge tek seg av kortsalet. Han blir kompensert med kr 11.000 i kompensasjon for arbeidet.

Framlegg til vedtak blei gått gjennom. Det var semje om å gjera fyljande endringar:

Gjeld begge områda:

Jakttid: 20. august kl. 07000 t.o.m. siste jaktdag som blir vedteke av villreinnemnda kl. 1900, men ikkje seinare enn 22. september.

Hardangervidda:

Tor Helge får fullmakt til å lage passande kortpakkar til utanbygdsbuande.

Vedtak (sak 23/24):

Fjellstyret kompenserer Tor Helge med kr. 11.000 for arbeidet med sal og retur av reinskor.

Framlegg til vedtak blei vedteke, med fyljande endringar:

Gjeld begge områda:

Jakttid: 20. august kl. 07000 t.o.m. siste jaktdag som blir vedteke av villreinnemnda kl. 1900, men ikkje seinare enn 22. september.

Hardangervidda:

Tor Helge får fullmakt til å lage passande kortpakkar til utanbygdsbuande.

Vedtaket er gjort med heimel i Fjelleva §§ 23 og 24.



Sak 24/24: Høyring på forslag til avskytingsplan 2024 og bestandsplan 2024-2026 – Setesdal Ryfylke villreinområde

Saksdokument:

- 25-24 Forslag avskytingsplan 2024
- 25-24 Forslag bestandsplan 2024-2026
- 25-24 Miljødirektoratet – Tiltrådingar til bestandsforvaltninga

Saksutgreiing (SL):

Setesdal Ryfylke Villreinlag har sendt framlegg til avskytingsplan for 2024 og bestandsplan 2024-2026 på høyring, med frist for innspel 19. mars. Vedlagt er dei to høyringsdokumenta, og eit brev frå Miljødirektoratet med tilrådingar i samband med nye bestandsplanar for Setesdal Austhei og Setesdal Ryfylke.

Forslag avskytingsplan 2024

Forslag til avskytingsplan er ei kvote på 493 kort, som berre blir tildelt valda i nord. Korta er foreslått fordelt på 40% fritt dyr, 20% simle og 40% kalv.

For bakgrunn for forslaget blir det vist til vedlagt forslag avskytingsplan 2024.

Bestandsplan 2024-2026

Framlegg til bestandsplan er eit grundig dokument som konkluderer med fyljande forvaltningsmål for perioden 2024-2026:

Hovedmål:

Bestandsforvaltninga av villreinen i Setesdal Ryfylke skal i planperioden bidra til en villreinbestand som oppleves bærekraftig i antall. Bestandsforvaltningen skal bidra til at man med stor sannsynlighet kan si at vi har en CWD-fri villreinbestand i Setesdal Ryfylke. Et langsiktig mål er å komme ut som god i Miljøkvalitetsnormen, samtidig som stammestørrelsen ligger opp imot områdets bæreevne.

Delmål bestandsstørrelse:

Antall villrein i nordområdet skal stabiliseres på ca. 1200 dyr. Antall villrein i sørområdet skal økes fra antatt 570 dyr vinteren 2023-2024 til ca. 1000 dyr.

Delmål kondisjon:

Kondisjon og kalvetilvekst skal holdes innenfor kategorien god etter Kvalitetsnorm for villrein.

Delmål bestandsstruktur:

Andelen eldre bukk (2 år og eldre) skal reduseres ned mot 10 % i løpet av planperioden.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

**Referat:**

Det var semje om at fjellstyret støttar framlegg til avskytingsplan 2024 og bestandsplan 2024-2026. Det blir understreka at fjellstyret ikkje støttar planane ut frå eit forvaltningsmessig omsyn, men i lys av CWD-situasjonen på Hardangervidda har fjellstyret forståing for planane for avskyting og bestandsutvikling.

Fjellstyret ynskjer å også her å gje innspel mtp tilgjengelege GPS-posisjonar.

Vedtak (sak 24/24):

Fjellstyret støttar framlegg til avskytingsplan 2024 og bestandsplan 2024-2026. Det blir understreka at fjellstyret ikkje støttar planane ut frå eit forvaltningsmessig omsyn, men i lys av CWD-situasjonen på Hardangervidda har fjellstyret forståing for planane for avskyting og bestandsutvikling.


Røldal fjellstyre ynskjer å kome med eit innspel angående GPS merka dyr. GPS-posisjonane dyr bør ikkje vere tilgjengeleg for nokon i sommarmånadane. I fjellområda nord i Setesdalen-Ryfylke er dyra ofte svært rolige, og kan befinne seg i same fjelltoppen i fleire månadar, om dei får vere i fred. Sjølv ein tregheit i GPS-posisjonane på 14 dagar vil difor vere av «verdi». Dette kan føre til at folk uroar dyra på plasser dei vanlegvis får gå i fred. Røldal fjellstyre ber Setesdal Ryfylke Villreinlag vurdere å ta dette innspilet vidare til rette myndigheit.

Sak 25/24: Kjøp av ny PC**Saksdokument:****Saksutgreiing (THHT):**

Laptopen til fjellstyret er oppbrukt. Leiar ynskjer difor å kjøpe seg ein ny pc. Prisen på ny vert truleg 5 – 6000 kr. I tillegg kjem ein toårig trygghetsavtale, truleg rundt kr 1 500 (naudsynt pga ungar o.l.). Ein må å rekne ein 1000-lapp eller 2 til diverse lisensar (office + virus t.d.).

Leiar ber om at han vil få moglegheit til å kjøpe laptopen frå fjellstyret når leidarvervet vert avslutta. Leiar foreslår at salgsprisen, frå fjellstyre til leiar, skal tilsvare innkjøpsprisen redusert med 30% for kvart år frå og med 2020. Verdien av pcen vert sett til kr 0 frå og med 01.01.2026.

Reglane for avskrivning av datautstyr er at dei skal nedskrivast til 0 kroner etter tre år. Rekneskapsmessig har derfor denne maskina ikkje verdi når perioden er ute. Reint rekneskapsteknisk vil eit evt innkjøp av ein pc i denne prisklassa bli direkte utgiftsført i år og vil ikkje avskrivast.



Framlegg til vedtak:

Leiar får fullmakt til å kjøpe inn pc i tråd med saksutgreiing. Leiar kan, dersom han sit perioden ut, overta pc vederlagsfritt. Går leiar av midt i perioden så får han kjøpe pc'en att med ein prisreduksjon på 30% pr år ved overtaking av pc.

Referat:

Det var semje om framlegg til vedtak.

Vedtak (sak 25/24):

Leiar får fullmakt til å kjøpe inn pc i tråd med saksutgreiing. Leiar kan, dersom han sit perioden ut, overta pc vederlagsfritt. Går leiar av midt i perioden så får han kjøpe pc'en att med ein prisreduksjon på 30% pr år ved overtaking av pc.